



FEDJE ARBEIDARPARTI

PARTIPROGRAM

2019-2023

I lag for eit sterkare fellesskap!

Den 9. september går Arbeiderpartiet til val på sterkare fellesskap. Lokalval handlar om dei nære fellesskapa me alle er ein del av. Korleis me vil ha det her me bur.

Arbeiderpartiet går til val for å styrke fellesskapet. Me satsar på ein sterk offentleg omsorg og eit meir forpliktande samarbeid med dei frivillige organisasjonane.



ORDFØRARKANDIDAT

Kamilla B. Karlsen



VARAORDFØRERKANDIDAT

Hans Erik Waage



3. KANDIDAT

Gidske Borge Kolltveit



**Fedje
Arbeiderparti**

4.KANDIDAT

Einar Villanger



5. KANDIDAT

Annika Tvedt Villanger



6. KANDIDAT

Rune Borgerød



ARBEID

For Arbeidarpartiet er ARBEID TIL ALLE JOBB NUMMER ÉIN.

På Fedje må me skape nye arbeidsplassar, og ta godt vare på dei me har.

Den digitale utviklinga gjev grunnlag for å utvikle arbeidsplassar – og skape nye. Me vil betre det kommunale støtteapparatet og styrke investeringsstøtta for bedrifter som vil etablere seg i kommunen. Fedje Arbeidarparti vil leggje til rette for ulike samarbeidsarenaer for bedriftene på Fedje, spesielt med tanke på turisme og innovasjon.

Mange har sitt arbeid utanfor kommunen. Difor må næringspolitikken vår og ta omsyn til pendlarane. Fedje Arbeidarparti vil auke pendlartilskotet.

Me vil arbeide for å betre ferjetilbodet med seinferje. Fedjeferja skal vere trygg. Den er vegen vår, og vegen skal vere ope same kva ferje som vert sett inn i sambandet. Busstilbodet må verte betre og korrespondere med ferjetidene.

ME VIL

- **Ha prioritert saksgang for nærings saker**
- **Ha fleire læreplassar**
- **Ha eit trygt og stabilt ferjetilbod**
- **Auke pendlartilskotet**
- **Ha seinferje**
- **Arbeide for å betre busskorrespondansen til og frå Sævrøy**

MILJØ

Det giftige kvikksølvet i vraket av U 864 må opp av havet!
Fedje Arbeidarparti vil ikkje akseptere tildekking av gifta.

Marin forsøpling er ei av dei aller største utfordringane for miljøet. Det er no enorme mengder plast i havet. Plast har dårleg nedbrytingsevne, kan bli verande i havet i svært lang tid - og gjere uboteleg skade på fisk og sjødyr. Fedje Arbeidarparti vil gjere vårt for at strendene våre vert rydda for plast.

ME VIL

- Halde fram presset på regjeringa for å få kvikksølvet i U-864 opp frå havet
- Følgje opp årlege oppreinskingsaksjonar mot plastforsøpling på Fedje og øyane rundt



HELSE

Helsestasjonen er ein viktig aktør i arbeidet for barn og unge. Den psykiske helsa vår er like viktig som den fysiske. Angst og depresjon rammur mange. Talet på barn og unge med psykiske problem er aukande. Dette er spesielt alvorleg.

Det viktigaste arbeidet gjer me før lidningane får utvikle seg. Dette skjer i hovudsak utanfor helsetenesta; i familien, i barnehagen, på skulen, på arbeidsplassen og der me bur. Me ønskjer å ha ein ungdomskoordinator i kommunen som tar tak i det som ungdommar er oppteken av. Denne skal drive oppsøkjande og førebyggjande arbeid.



ME VIL

- **Ha skarpere fokus på psykisk helse i skulen**
- **Auke helsesøsterstillinga og få «e-helsesøster» slik at ungdom kan kontakte skulehelsetenesta digitalt**
- **Ha gode fritidstilbod for ungdom**
- **Tilsetje ungdomskoordinator i kommunen**
- **Ha eit godt, førebyggjande og koordinert samarbeid mellom barnevern, PPT, psykiske helse, skule og barnehage**
- **Ha barnvern vakt i kommunen**

Dei eldre på Fedje er ei ressurssterk og mangfaldig gruppe. Me vil sikre alle ein god alderdom og gje pårørande betre støtte og hjelp. Me vil gjere det enklare for eldre å bu i eigen heim så lenge som råd, og me vil gjere vårt for at alderdommen vert fylt med meining og meistring.

Fedje Arbeidarparti vil ta i bruk dei store ressursane som seniorane representerer i arbeidsliv, samfunnsliv og frivillig arbeid.

Handleruta for dei «eldre» er til dømes eit praktisk og sosialt trivselstiltak som kan vidareutviklast.

ME VIL

- **Lage fleire sosiale arenaer**
- **Gjenoppta arbeidet med å få ny sjukeheim/helsehus**
- **Leggje til rette for meir fysisk aktivitet blant dei eldre**
- **Vidareutvikle tilbodet innan psykisk helse**



SKULE, KUNNSKAP OG KOMPETANSE

Ein god offentleg fellesskule og lik rett til utdanning er grunnleggjande for å sikre like sjansar for alle. Fedje Arbeidarparti ønskjer eit godt skulemiljø for elevane våre, og vil arbeide for at alle barn skal føle seg trygge på skulen. Skulen skal medverke til at me som samfunn kan lykkast med likestilling, integrering og sosial utjamning. Å sikre alle tilgang til kunnskap og kompetanse er ikkje berre eit gode for den enkelte, det er avgjerande for kor godt me vil lykkast med å skape nye arbeidsplassar, trygge velferd – og utvikle offentleg og privat sektor.

Gode vaner vert forma tidleg. Me går inn for at barna skal få eit enkelt, sunt varmt måltid på skulen og i barnehagen kvar dag.

Fedje Arbeidarparti går inn for å få etablert nytt garderobe- og toalettanlegg ved idrettsbana. Dette vil gjere tilhøva langt betre for både idrettsutøvarar og publikum - og innebere at barnehagen kan nytte heile barnehagebygget i den daglege drifta.

ME VIL

- **Ha eit varmt måltid for barna i barnehagen og på skulen kvar dag**
- **Ha ein trygg skulekvardag for alle**
- **Frigjere heile arealet i barnehagen til Barnehagedrift**
- **Få bygt eit nytt garderobe- og toalettanlegg ved idrettsbana**

Fedje Arbeidarparti vil leggje om SFO til ein aktivitetsskule (AKS), med klare krav til pedagogisk kompetanse, innhald og pris. Me vil sørge for at den nye aktivitetsskulen har rom for fellesskap, leik, fysisk aktivitet, kreativitet og tilbod om leksehjelp.

ME VIL

- **Opprette ein aktivitetsskule**
- **At alle 1-klassingar skal få tilbod om gratis SFO/AKS**

«Skulen skal medverke til at me som samfunn kan lykkast med likestilling, integrering og sosial utjamning.»



TRAFIKK OG TRAFIKKTRYGGLEIK

Dei kommunale vegane og fylkesvegane på Fedje er for ein stor del i dårleg stand. Ikkje minst treng dei kommunale vegane etter kvart ny asfalt mange stader. Både fylkesvegane og dei kommunale vegane er svært dårleg, og til dels misvisande, skilta.

Dei manglar og merka overgangar for fotgjengarar, vikeplassar og fortau.

Store køyretøy som vogntog og turistbussar har mange stader svært vanskeleg for å ta seg fram.

Fedje Arbeidarparti meiner at det no må gjerast eit krafttak for å få orden på vegnettet og betre trafikktryggleiken for både gåande og køyrande. Me går difor inn for at det snarast, gjennom dialog med vegvesen og fylkeskommune, kjem på plass ein avtale som forsérer innsatsen på fylkesvegnettet på Fedje.

Når det gjeld det kommunale vegnettet, er det kommunen sjølv som prioriterer. Fedje Arbeidarparti vil setje asfaltering, utbetring og trafikksikring av det kommunale vegnettet på Fedje svært høgt på prioriteringslista. Målet er å få gjort arbeidet i første del av 4-årsperioden.

ME VIL

- **Få på plass ein avtale som forsérer innsatsen på fylkesvegnettet på Fedje**
- **Prioritere asfaltering, utbetring og trafikksikring av det kommunale vegnettet på Fedje svært høgt**



KULTUR OG INKLUDERING

Fedje kommune har i mange tiår gjeve støtte til lag og organisasjonar som driv frivillig arbeid innan kultur og idrett. Fedje Arbeidarparti vil vidareføre denne støtta og syte for at den vert auka gradvis.

Fedje Arbeidarparti støttar Historielaget sitt arbeid for å få på plass eit lokalt museum som kan vise Fedje si unike historie.

Fedje har ein flott natur, og Nordsjøløypa blir brukt av mange på Fedje. Me vil vidareutvikle Nordsjøløypa og gje plass for fleire innslag, som til dømes ein grillplass. Det kan og vera aktuelt å få laga ei rundløype.

ME VIL

- **Vidareføre og auke kulturstøtta**
- **Vidareutvikle Nordsjøløypa til å bli ei løype med fleire møteplassar**
- **Arbeide for å få på plass eit museum som kan vise Fedje si unike historie**
- **Fremje tiltak for inkludering for å få fleire med i alt som skjer på Fedje**

